

Profilerer havbruksnæringa

TRONDHEIM: Dei fire vestlandsfylke samarbeidde om å profilere havbruksnæringa i landsdelen på havbruksmessa Aqua Nor i Trondheim 18. til 21. august. Den felle vestlandsstanden samla 14 bedrifter. Frå Sogn og Fjordane deltok fylkesordførar Åshild Kjelsnes, stortingsrepresentant Ingrid Hegge og Solveig Willis frå Salmon Group Fiore på oppinga. Aqua

Nor vart arrangert kvart andre år og presenterer nyhende innan forskning, teknologi, fôr, miljøtryggleik, finansiering, fiskehelse og ei rekke andre tema innan fiskeoppdrett. Messa venta i år bortimot 20.000 besøkande frå over 50 nasjonar. Det er kring 400 utstillarar, to frå Sogn og Fjordane: Alltech frå Førde og Østerbo Maskin frå Høyanger.

Søker om 50.000

LEIKANGER: Tjukkasgjengen, ein landsdekkjande organisasjon som vart starta i 2012, skal arrangere landstreff i 2016. Landstreffet har eit budsjett på ein million kroner, og halvparten av denne summen skal dekkjast inn gjennom eigendel frå deltakarane. Resten, 500.000 kroner, samt ein halv million kroner til å dekkja reiseutgifter for deltakarane på landstreffet, håpar arrangøren å få dekt inn gjennom tilskot frå fylkeskommunane. Søknaden Tjukkasgjengen har sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune lyder på 50.000 kroner.



VIL FLYTTA: KS-leiar Jenny Felling og partifelle Karen Mahe, Hjelmeseter, fylkesleiar i Senterpartiet, vil flytta 110-sentralen frå Flora til AMK-sentralen i Førde. (Arkivfoto)



flytting av alarmsentralen.

(Foto: Morten Sortland)

heilt ny løysing utan å spørja eller involvera kommunane.

KS-leiaren bør gje seg sjølv korreks i denne saka, meiner Distad.

– Framlegget frå Senterpartiet er ikkje realistisk fordi hovudfokus er samarbeid mellom alarmsentra-

len og politiet. Det viktige no er å sikra kompetanse og kriseleiing i fylket – innanfor ramma av politireforma. Stortinget har sagt at det skal gjennomførast prosessar som involverer kommunane. Det må me følgja opp, meiner Distad.



BUSTADER: Huseigaren ynskjer å byggja andre etasje om til bufellesskap for studentar.

Sognatun-etasje frå kontor til bufellesskap

SOGNDAL: Det er framleis stor etterspurnad etter studentbustader i Sogn dal og no kan Sognatun ta unna litt i sentrum.

Sognatun as ved Johannes Josvanger har nemleg søkt kommunen om bruksendring frå kontor til bueingingar i andre etasje av forretningsbygget.

Etasjen skal byggjast om frå kontor til bueinging med to leilegheiter, som skal vera kollektivt for studentar.

Ikkje etterspurnad

Det har tidlegare vore planar om å byggja om dette forret-

ningsbygget til bueingingar, men først no ser det ut til å bli ein realitet.

I søknaden om omdisponering er det eit hovudargument for bruksendring at etterspurnaden etter næring ikkje er til stades og det framleis er eit behov for studentbustader i Sogn dal.

Tre etasjar

Det går òg fram av søknaden at det eit meir langsiktig perspektiv, ligg inne at det skal byggjast tre nye etasjar på Sognatun, med høg kvalitet på bueingingane.

Med Studenthuset Meieriet som nærmaste nabo rett over gata, er det ikkje utenkjelag at dette kan bli attraktive bustader for studentar.

Jan Inge Fardal
jan.inge.fardal@sognavis.no

**MARKISER
PERSIENNER**
SCREEN • GARASJEPORTER



**SOMMER-
KUPP!**
Fra -10-30%

**Fasade®
PRODUKTER**
Osvald Sjøthun tlf: 926 98 691
Sognaludesign • Epost: oss@fasade.no
www.fasadeprodukter.no